



MØTEINNKALLING

Arkivsak:13/41 - 1

Løpenummer: 13/264

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 24.01.2013

Tid: Kl. 16:00

Forfall eller inhabilitet:

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til postkasse@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimasida www.fusa.kommune.no og på biblioteket, Kommunetunet, Eikelandsosen.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/13	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 30.11.2012
002/13	VURDERING AV SKULESTRUKTUREN I KRINSANE HOLDHUS, EIKELANDSOSEN, FUSA OG STRANDVIK
003/13	GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE - VAL AV POLITISK ARBEIDSGRUPPE

Eikelandsosen, 15.01.2013

Hans S. Vindenes
Ordfører

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
001/13	Formannskapet	24.01.2013	HCB

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 30.11.2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møtebok frå møtet 30.11.2012 vert godkjend.

Saksframstilling:

Saksdokument:

Ikkje vedlegg : Møteprotokoll frå møtet 30.11.2012

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
002/13	Formannskapet	24.01.2013	ØYH

Sakshandsamer: Øyvind Haga

Arkivsaknr 13/43

VURDERING AV SKULESTRUKTUREN I KRINSANE HOLDHUS, EIKELANDSOSEN, FUSA OG STRANDVIK

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Følgjande forskrift vert sendt på høyring saman med høyringsnotat:

Med heimel i opplæringslova § 8-1 utferdar Fusa kommune slik forskrift:

Forskrift om skulekrinsar i Fusa kommune.

§1. Noverande Eikelandsosen skulekrins, Fusa skulekrins og Holdhus skulekrins vert slått saman til éin krins med éin barneskule i den nye krinsen lokalisert til Eikelandsosen. Den nye krinsen får namnet Eikelandsosen, Fusa og Holdhus skulekrins. Elevane i den nye Eikelandsosen, Fusa og Holdhus skulekrins får skulestad Eikelandsosen.

§2. Skulekrinsane Nore Fusa, Strandvik og Søre Fusa får ingen endringar utover at nye barnehagar i Strandvik og Nore Fusa vert samlokalisert med skulane.

Høyringsfrist: 21.02.13

Saksutgreiinga vert høyringsnotat.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Formannskapet

Saksdokument:
Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

I sak 89/12 - BUDSJETT 2013 MED AVGIFTSBUDSJETT, HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2013 - 2016 under avsnittet ”Andre punkt” lyder vedtaket slik:

” 5. Me ber rådmannen koma med ei sak til eit ekstra møte i januar der skulestrukturen Holdhus/Eikelandssosen og Fusahalvøya vert vurdert. Framdrift i saka må vera slik at ein kan iverksetta evt. endringar frå hausten 2013.”

På bakgrunn av dette vedtaket har rådmannen sett på moglege kombinasjonar av skular og klassar i det aktuelle området. Det er lagt til grunn at det ikkje skal gjerast endringar i Søre Fusa, og at barnehage og skule i Nore Fusa skal samlokalisert og drivast som oppvekstsenter.

Nedanfor er vist moglege kombinasjonar av skular og klassar.

År	Klassar									
	1.kl.	2.kl.	3.kl.	4.kl.	5.kl	6.kl	7.kl	før	etter	red .kl.
2013- f. 2007	21	18	18	25	26	18	25	8	7	1
2014- f.2008	16	21	18	18	25	26	18	8	7	1
2015--f.2009	9	16	21	18	18	25	26	8	7	1
2016-f.2010	15	9	16	21	18	18	25	8	6	2
2017-f.2011	21	15	9	16	21	18	18	8	6	2

Tabellen ovanfor syner at denne kombinasjonen gir fulldelt skule, og ein kan redusera med 1 klasse dei 2 første åra. På grunn av synkande elevtal, vil skulen igjen bli fådelt og det blir ytterlegare ein klasse mindre frå 4. året. Aldersdelte klassar er markert med gult.

År	Klassar									
	1.kl.	2.kl.	3.kl.	4.kl.	5.kl	6.kl	7.kl	før	etter	red .kl.
2013- f. 2007	14	16	15	18	14	12	13	7	7	0
2014- f.2008	12	14	16	15	18	14	12	7	7	0
2015--f.2009	7	12	14	16	15	18	14	7	6	1
2016-f.2010	16	7	12	14	16	15	18	7	6	1
2017-f.2011	15	16	7	12	14	16	15	7	6	1

Tabellen ovenfor syner at denne kombinasjonen gir fulldelt skule dei to første åra. På grunn av synkande elevtal, vil klassetalet seinare kunna reduserast med 1 klasse. Skulen vil då igjen bli fådelt med 6 store klassar. Aldersdelte klassar er markert med gult, og desse klassane har høgt samla elevtal.

	Holdhus - Fusa - Eikelandsosen							Klassar		
	1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	5.kl	6.kl	7.kl	før	etter	red .kl.
2013- f. 2007	24	25	37	32	30	28	29	12	11	1
2014- f.2008	25	24	25	37	32	30	28	12	10	2
2015--f.2009	20	25	24	25	37	32	30	12	10	2
2016-f.2010	22	20	25	24	25	37	32	12	9	3
2017-f.2011	25	22	20	25	24	25	37	12	8	4

Tabellen ovenfor syner at denne kombinasjonen gir fulldelt skule med 2 parallellar for opptil 4 årstrinn. På grunn av synkande elevtal vil talet på klassar minka, slik at det på slutten i perioden blir 4 færre klassar. Dette blir difor ein økonomisk gunstig kombinasjon.

**Holdhus - Eikelandsosen + mellomtrinnet Strandvik og Fusa
1-4 klasse i Strandvik**

	Holdhus - Eikelandsosen + mellomtrinnet Strandvik og Fusa 1-4 klasse i Strandvik							Klassar		
	1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	5.kl	6.kl	7.kl	før	etter	red .kl.
2013- f. 2007	21	18	18	25	40	30	38	15	14	1
2014- f.2008	16	21	18	18	43	40	30	15	14	1
2015--f.2009	9	16	21	18	33	43	40	15	14	1
2016-f.2010	15	9	16	21	34	33	43	15	13	2
2017-f.2011	21	15	9	16	35	34	33	15	13	2

Tabellen ovenfor syner at denne kombinasjonen gir fulldelt skule, og ein kan redusera med 1 klasse dei 3 første åra. På grunn av synkande elevtal, vil skulen igjen bli fådelt frå 4. året, og det blir ein klasse mindre. Aldersdelte klassar er markert med gult. Dei aldersdelte klassane blir store.

Strandvik, Eikelandsosen, Holdhus, Fusa

År	Strandvik, Eikelandsosen, Holdhus, Fusa							Klassar		
	1.kl.	2.kl.	3.kl.	4.kl.	5.kl	6.kl	7.kl	før	etter	red .kl.
2013- f. 2007	35	34	33	43	40	30	38	15	14	1
2014- f.2008	28	35	34	33	43	40	30	15	13	2
2015--f.2009	16	28	35	34	33	43	40	15	12	3
2016-f.2010	31	16	28	35	34	33	43	15	12	3
2017-f.2011	36	31	16	28	35	34	33	15	12	3

Tabellen ovenfor syner at denne kombinasjonen gir fulldelt skule med 2 parallellar for opp til 7 årstrinn. Talet på reduserte klassar blir i sum likt med kombinasjonen av Holdhus, Eikelandsosen og Fusa krins, men fordeler seg litt ulikt i perioden.

Vurdering:

MOGELEGE ENDRINGAR I SKULESTRUKTUR FOR KRINSANE EIKELANDSOSEN , FUSA, HOLDHUS OG STRANDVIK

I det følgjande er vist 5 alternative skulestrukturar for krinsane Eikelandsosen, Fusa, Holdhus og Strandvik

Alle tabellane nedanfor syner netto innsparing i heile 1000 kroner ved redusert klassetal, administrasjon, funksjonstillegg og kontorhjelp. Ved utrekning av kapitalkostnader har vi lagt til grunn at vi søker Husbanken om kompensasjon for rentekostnadene. Etter denne ordninga får kommunane berre utgifter til avdrag. Fusa kommune har ei låneramme til skuleutbygging på kr 12.000.000 som gir rentekompensasjon frå Husbanken.

Avstandar

Frå Eikelandsosen til	Første busetnad i skulekrinsen	Busetnad som ligg lengst vekke
Nore Fusa	7 km Matland	17,7 km Holsund
Hålandsdalen	3,5 km Ragnhildstveit	18,4 km Tveita
Søre Fusa	14,5 km Henanger	45,7 km Austefjord
Fusa	9,7 km Gjerdevik	14,5 km Skjørsand
Strandvik	17 km Skåte	30 km Håvik

Kalkylane for investeringskostader er grovkalkyler med feilmargin +/- 30 %. Kalkylane er basert på erfaringstal og det er lagt til grunn ein pris på kr 28.000 pr m² areal. Kapitalkostnadane har forholdsvis mindre innverknad på det økonomiske biletet enn lønnsbaserte kostnader/ innsparingar.

Det er vist premissar for kvart alternativ. Vinnes friskule er ikkje rekna med i nokon av alternativa.

Alternativ 1: 3 oppvekstsenter, 1 ny barneskule og 1 ungdomskule i Fusa kommune

Samanslåing av krinsane Fusa, Eikelandsosen og Holdhus til éin krins og éin barneskule i den nye krinsen. Strandvik, Søre Fusa og Nore Fusa vert oppvekstsenter som i dag. Alle oppvekstsentra får skule og barnehage under eitt tak.

Skulestad ny barneskule: Eikelandsosen,

Investeringskostnad: 11 450 000

Netto innsparing pr år (alle tal i heile 1000 kroner):

	Innsparing klassetal	Innsparing adm. ressurs	Innsparing funksj. tillegg m.m.	Innsparing andre drifts-utg.	Innsparing kontorressurs	Kapital-kostn.	Ekstra Skyss-kostnad	Sum netto innsparing årsverkn.	Netto innsp. aktuelt år **
2013	845	1 100	470	150	510	457	743	1 875	781
2014	1 690	1 100	470	150	510	457	743	2 720	2 720
2015	1 690	1 100	470	150	510	457	743	2 720	2 720
2016	2 535	1 100	470	150	510	457	743	3 565	3 565

** Verknaden for 2013 vert 5/12 av årsverknaden.

Dette er det alternativet som i eit økonomisk perspektiv gir den beste løysinga. Plasseringa er også optimal i høve til å tenka sambruk av fasilitetar knytta til skulane på staden. Utbetra symjebasseng vert også tilgjengeleg utan transportkostnader for elevane ved skulen. Den nye barneskulen sin storleik saman med at han er lokalisert i kort avstand til ungdomsskulen, gjer at det kan vurderast å etablere felles merkantile tenester for alle skulane i Fusa i tilknytning til desse sentrale

skuleanlegga. Det vil gje vesentlege effektiviseringsvinstar ved at vi kan utnytta IKT-investeringane betre.

Samstundes vert det teke omsyn til at bygdene med lengst avstand til kommunesenteret får behalda oppvekstsentra sine. Fleire elevar får då gangavstand til skulane, noko som sjølvstakt er positivt. Reisetida til dei elevane som bur lengst borte frå sentrum vert vesentleg kortare.

Denne løysinga er også det som samsvarar best med målsetninga i kommuneplanen om at vi ønskjer "både eit sterkt sentrum og levande bygder".

Alternative endringar:

Ved å velja Holdhus eller Fusa til skulestad, vil investeringskostnadane bli vesentleg høgare for å oppnå same kvalitetar og fasilitetar som i Eikelandsosen. Lokala på Holdhus og Fusa krev omfattande ombygging og utbygging for å kunna ta i mot 138 - 145 elevar i tillegg til dei som går der i dag. Skulestad på Holdhus eller Fusa vil medføre vesentleg større transportkostnader då elevane frå Fusa eller Holdhus vil bli frakta over fleire takstsoner enn ved å ha Eikelandsosen som skulestad. I tillegg må over 200 elevar fraktast til symjeundervisning. Skulestad på Holdhus eller Fusa samsvarer heller ikkje med målsetninga i kommuneplanen om å skapa eit sterkt kommunesentrum og å ha "eit moderne kommunesentrum med gode og allsidige offentlige og private tenester."

Premissar:

Tala som er vist føreset iverksetjing hausten 2013.

Barnehagar:

a) Konsekvensar for brukarar

Positive sider/Fordelar ved alternativ 1.

- Fulldelte klassar – elevane på sentrumsskulen får undervisning i timane etter same læringsmål. Dette kan vega opp for at det blir mindre lærartettleik på ein større sentrumsskule enn i oppvekstsentra.
- Dynamikk mellom ein større sentrumsskule og oppvekstsenter i bygdene rundt. Dynamikken kan skapa kraft til å utnytta fordelane ved dei ulike skulestorleikane. Dette kan motverka at det dannar seg A- og B- lag
- Sikrar valfridom i dei aktuelle bygdene. Foreldre/ elevar på strekninga Sævareid - Holdhus og på Fusahalvøya kan velja mellom oppvekstsenter eller ein større sentrumsskule. Elevane på den nye barneskulen kan i større grad gjera sosiale val; fleire elevar å spela på, fleire å vera vener med. For nokon kan dette vera eit viktig tilbod som kan gi betre trivsel. For andre kan små skular vera best.
- Elevane på sentrumsskulen kan i større grad få undervisning av faglærarar: Ein så stor skule vil ha kapasitet til å ha

Med nemnde løysing vil det bli tre barnehagar som ikkje vert ein del av eit oppvekstsenter. Desse barnehagane kan få ein felles einingsleiar med førskulelærer-kompetanse. Ut ifrå ein barnehagefagleg ståstad vil dette styrkja den pedagogiske utviklinga av barnehagane, og gjera barnehagane meir synlege i leiargruppa. Det vil dessutan gje ein ny karriereveg for førskulelærarane, noko dei mista då barnehagane vart lagt inn under rektorane som leiarar for oppvekstsentra.

Det kan vurderast om barna i Jettegryto barnehage kan flyttast til Holdhus i ein stor barnehage der. Dette ville styrkja Hålandsdalen som bygd. Barnehagen på Holdhus vil då kunne erstatta skulen som samlingspunkt, og funksjonen som samfunnshus for denne bygda vert såleis ivareteken. Samstundes ville dette kunna frigjera areal til etablering av base for funksjonshemma elevar ved ungdomsskulen og barneskulen i Jettegryto.

Sameleis kan det vurderast om Trollskogen barnehage kan flyttast inn i ledig skulebygg. Trollskogen barnehage ligg på ein attraktiv plass, og kan truleg lett avhendast. Det er behov for fleire barnehageplassar på Fusa.

faglærer i basisfaga og dei praktisk-estetiske faga frå i alle fall 6. årssteg. Dette kan vega opp for at det blir mindre lærartettleik på ein større sentrumsskule enn i oppvekstsentra.

- Alternativ 1 gir mindre behov for delingstimar - det vert større handlingsrom. Kvaliteten på undervisningstilbodet vert betre enn om ein har ein fådelt skule utan delingstimar.
- Kulturskulen kan i større grad samlast i ein kulturskulebase med større musikkmiljø og tilgang til musikkbinge. Arbeidstilhøva vil også bli betre då det her kan bli lettare tilgang til musikkrom eller andre spesialrom framfor tilfluktsrom eller liknande dårlege lokale som dei har i dag.
- Skulebibliotektilbod: Det vert lettare å gje eit fullverdig tilbod, og fleire elevar får god tilgang til Fusa folkebibliotek.
- Den kulturelle skulesekken (DKS): Tilboda til skulane gjennom DKS utviklar seg mot større kulturproduksjonar og teaterførestillingar med påfølgjande krav om at ein samlar alle elevane. Ved at fleire skular vert samla, vert dei store

kulturproduksjonane lettare å gjennomføra.

- Uteanlegg: Opprusting av uteanlegg får større effekt for fleire. Vi nemner her at samarbeid med frivillig sektor kan gjera det mogeleg å få lagt kunstgrasbane på grusbana, og det kan verta betre

fridrettsfasilitetar i samband med dette. Elevane kan også få tilgang til sykkeløyper, ny ballbinge og sandvolleyballbane – nokre av desse anlegga er påbegynte prosjekt.

Utfordringar:

- I eit folkehelseperspektiv (førebygging/ fysisk aktivitet) er det negativt at fleire må skyssast til skule med buss.
- I ein stor barneskule (over 200 elevar) kan relasjonsbygging mellom elevar, og elevar og vaksne, bli ei utfordring.
- Konsekvensar for heim/skule-samarbeidet: Avstand til skulen kan gje høgare terskel for å ta kontakt.
- Overgang barnehage-skule: Barnehagebarna får ikkje like god kjennskap til skulen som i dag. Kan få

konsekvensar for tryggleik/læring om ein ikkje greier å få til gode ordningar for det.

- Foreldre kan reagere negativt – kan bli ønskje om å starta privat skule og barnehage.
- Usikkert om barn frå andre bygder vil nytta ei SFO-ordning i Eikelandsosen.
- Ei større utfordring å få til foreldre-engasjement, medverknad, dugnads-vilje.

b) Konsekvensar for tilsette

Positive/Fordelar:

- Tilsette som ønskjer eit større fagmiljø kan få høve til dette. Det viser seg at dette kan vera viktig for å behalda og rekruttera yngre lærarar.
- Truleg større stabilitet i vaksengruppa – det vil alltid vera til stades ein relativt stor grunnstamme av vaksne som kan vera kulturberarar.
- Fleire vaksne vil gjera skulen mindre såbar for fråvær, fleire kjenner til, og kan, dei same tinga.
- Større fagmiljø vil leggja til rette for samarbeid i fagseksjonar, noko som truleg fører til kompetanseheving i personalet, som igjen truleg gjer arbeidsplassen attraktiv.
- Meir attraktive jobbar for lærarar med høg fagleg kompetanse
- Potensiale til å etablere utviklande team.
- Utvida perspektiv, inspirasjon til å justera sin eigen undervisningspraksis.
- Mindre tidkrevjande – slepp å ha to undervisningsopplegg i same klasse.

- Får i større grad potensiale for ein lærande organisasjon.
- Større stillingar, mindre deltid, betre fagmiljø.
- Kulturskule: For kulturskulelærarane går mindre tid med til reising. Mindre bæring og flytting av instrument.
- Fysioterapi, ergoterapi, ambulerande vaktmeister (knytt til tekniske hjelpemiddel), skulehelsetenesta og PPT sparer noko meir ressursar i køyring, effektiviserer arbeidet slik at det blir meir ressursar til direkte tenesteyting. Det fremjar det førebyggjande arbeidet.

Utfordringar:

- Ein del tilsette får ny arbeidsstad og nokon får lenger reiseveg.
- Nokre av dei fast tilsette kan missa jobben.
- Frykt for å missa jobben. Kort prosess kan vera negativt, men "alt som gjer vondt bør gå fort".
- Fare for A og B lag mellom stor barneskule og oppvekstsenter.

c) Konsekvensar for system/organisering

Positive/Fordelar:

- Større fleksibilitet grunna større volum på ressursar (rom, personale, pengar).
- Fleire vaksne vil gjera skulen mindre såbar ved fråvær. Fleire kjenner til, og kan, dei same tinga.

- Sikrar i større grad at elevane i Fusa kommune får det same tilbodet i opplæringa.
- Enklare å driva pedagogisk utviklingsarbeid når fleire tilsette i skulen i Fusa er tilsett ved den same skulen.

- Skulen kan i større grad tilsetja personar som har fagleg spesial-kompetanse (t.d. logoped, barneverns-pedagog, skulepsykolog, miljølærar, kontorpersonale, kokk, vaktmeister).
- Litt mindre bygningsmasse å driva, enklare infrastruktur på t.d. IT, meir effektiv og betre administrativ drift ute på skulane, lettare å følgja opp færre einingar for fellesteneste/støttefunksjonar.
- Lettare å kopla på fritidstilbod og å følgja opp statleg mål om kulturskule til alle i 1.-4. klasse i SFO-tida. Fleire elevar kan gå vidare til fritidsaktivitet rett etter skuletid.
- I større grad samla planarbeidet rundt faga i ein ny barneskule i staden for tre.
- Likskap i normer for vurdering er enklare med færre skular..
- Større handlefridom i val av undervisningsformer.
- Større handlefridom i organisering av tilpassa opplæring.
- Symjeundervisninga: Vert lettare å gjennomføra og auka, både med tanke på lettare tilgang, mindre transport og tidsbruk og dermed lettare timeplanlegging.
- Fysioterapi, ergoterapi, ambulerande vaktmeister (knytt til tekniske hjelpemiddel), skulehelsetenesta og PPT vil spare vesentlege ressursar i køyring,

spara tid ved at det i større grad vert to grupper på kvart klassetrinn i høve til sju no. Ein får meir ressursar til direkte tenesteyting. Ei svært ønskt omstrukturering frå helse og omsorg.

Negative/Utfordringar:

- Oppvekstsentera har gode ordningar for samarbeid mellom barnehage og skule. Slikt samarbeid kan verta meir utfordrande å realisera.
- Å organisera SFO-tilbodet slik at det kan nyttast av barn frå alle bygder.
- Kostnad med flytting, tilrettelegging i modulbygg el. i nybygg.
- Treng investering iht tilpassing av barnehagebygga. Skular som skal brukast som barnehagar, må tilretteleggjast som barnehage – det er heilt andre krav til barnehagedrift.
- På ein stor skule vil det truleg bli vanskelegare å halda oversikten over elevane.
- Alle vaksne klarer ikkje å kjenna alle barn, noko som kan vera ein faktor for svakare utvikling av gode relasjonar mellom lærar og elev.
- Foreldra kan få mindre tilknytning til skulen, det kan svekka skule-heim-samarbeidet.

Alternativ 2 – 2 oppvekstsenter, 1 barneskule og 1 ungdomskule i Fusa kommune

Samanslåing av krinsane Fusa, Eikelandsosen, Holdhus og Strandvik til éin krins og éin barneskule i den nye krinsen. Søre Fusa og Nore Fusa vert oppvekstsenter som i dag. Begge oppvekstsentra får skule og barnehage under eitt tak.

Skulestad ny barneskule: Eikelandsosen,

Investeringskostnad: 18 135 000

Netto innsparing pr år (alle tal i heile 1000 kroner):

	Innsparing klassetal	Innsparing adm. ressurs	Innsparing funksj. tillegg m.m.	Innsparing andre drifts-utg.	Innsparing kontorressurs	Kapital-kostn.	Ekstra skyss-kostnad	Sum netto innsparing årsverkn.	Netto innsp. aktuelt år **
2013	845	1 200	500	150	510	971	1 040	1 194	498
2014	1 690	1 200	500	150	510	971	1 040	2 039	2 039
2015	2 535	1 200	500	150	510	971	1 040	2 884	2 884
2016	2 535	1 200	500	150	510	971	1 040	2 884	2 884

** Verknaden for 2013 vert 5/12 av årsverknaden.

Dette alternativet gir om lag same økonomiske vinstar som alternativ 1. Samstundes er det ei ulempe at reiseavstandane for nokre elevar i

Strandvik blir lang. Elles vert konsekvensane for brukarar, tilsette og for styring/ organisering

om lag som under alternativ 1, men gjeldande

for litt fleire.

Premissar:

Iverksetjing hausten 2013. Avtale med Strandvik grendahuslag om bygging av ny barnehage må seiast opp. Dette kan medføre erstatningskrav om dekking av den negative kontraktsinteresse (medgåtte kostnader).

Barnehagar:

Barnehage i Strandvik grendahus flyttar inn i ledig skulebygg. Lokala i skulen vil gje plass til

3-4 avdelingar à 18 barn. Investeringar i ombygging og samanbygging med ny barnehage går ut. Det må reknast noko kostnader med å tilpassa skulebygg til barnehagebruk, men dette vert vesentleg mindre enn ved nybygg. Sparte kapital- og leigeutgifter. Trollskogen og Jettegryto barnehagar held fram som før – eventuelt kan dei flytta inn i ledige skulebygg, jfr det som er skrive om barnehagar under alternativ 1.

Alternativ 3 – 1 barnetun, 2 oppvekstsenter, 1 ny barneskule og 1 ungdomskule i Fusa kommune

Samanslåing av krinsane Eikelandsosen, Fusa, Holdhus og Strandvik til éin krins. Elevane i tidlegare Eikelandsosen, Fusa, Holdhus krins, samt mellomtrinnet i tidlegare Strandvik krins får skulestad Eikelandsosen. Småskulen i tidlegare Fusa og Strandvik krins får skulestad Strandvik. Søre Fusa og Nore Fusa vert oppvekstsenter som i dag. Begge oppvekstsentra får skule og barnehage under eitt tak.

I eit økonomisk perspektiv er dette alternativet vesentleg dårlegare enn alternativ 1 og 2. Mange vil her meina at det er pedagogisk uhelding å ta mellomtrinnet bort frå eit oppvekstsenter slik at det berre vert att eit

barnetun. Også her blir konsekvensane for brukarar, tilsette og for system/ organisering som for alternativ 1, men gjeldande for litt fleire.

Skulestad ny barneskule/ barnetun: Eikelandsosen og Strandvik

Investeringskostnad: 13 666 000

Netto innsparing pr år (alle tal i heile 1000 kroner):

	Innsparing klassetal	Innsparing adm. ressurs	Innsparing funksj. tillegg m.m.	Innsparing andre drifts-utg.	Innsparing kontorressurs	Kapital-kostn.	Ekstra skyss-kostnad	Sum netto innsparing årsverkn.	Netto innsp. aktuelt år **
2013	845	1 100	470	150	510	613	961	1 501	625
2014	845	1 100	470	150	510	613	961	1 501	1 501
2015	845	1 100	470	150	510	613	961	1 501	1 501
2016	2 535	1 100	470	150	510	613	961	2 346	2 346

** Verknaden for 2013 vert 5/12 av årsverknaden.

Premissar:

Iverksetjing hausten 2013.

Barnehagar:

Trollskogen, Holdhus og Jettegryto blir barnehagar utan tilknytning til oppvekstsenter. Jfr det som er skrive om barnehagar under alternativ 1.

Alternativ 4 – 2 oppvekstsenter, 2 barneskular og 1 ungdomskule i Fusa kommune

Samanslåing av krinsane Eikelandsosen og Holdhus til éin krins med skulestad Eikelandsosen. Samanslåing av krinsane Fusa og Strandvik til ein krins med skulestad Fusa.

Skulestad: Eikelandsosen og Fusa

Investeringskostnad: 4 735 000

Netto innsparing pr år (alle tal i heile 1000 kroner):

	Innsparing klassetal	Innsparing adm. ressurs	Innsparing funksj. tillegg m.m.	Innsparing andre drifts-utg.	Innsparing kontor- ressurs	Kapital- kostn.	Ekstra skyss- kost- nad	Sum netto innsparing årsverk.	Netto innspar- ing årsverk. **
2013	1 690	700	300	100	100	210	718	1 117	465
2014	2 535	700	300	100	100	210	718	1 117	1 117
2015	2 535	700	300	100	100	210	718	1 962	1 962
2016	2 535	700	300	100	100	210	718	2 807	2 807

** Verknaden for 2013 vert 5/12 av årsverknaden.

Dette alternativet gir mindre økonomisk effekt enn alternativ 1, 2 og 3. Det er vanskelegare å få til eit merkantilt miljø som er sterkt nok til å ta seg av alle skulane i Fusa kommune enn i

Alternative endringar:

Ved å velja Holdhus som skulestad blir den økonomiske effekten den same. Ein misser likevel ein del viktige fasilitetar som ein kan få i Eikelandsosen. I tillegg byggjer ein då ned tenestenivået i sentrum, noko som står i motstrid til måla i kommuneplanen om eit sterkt sentrum.

Ved å velja Strandvik som skulestad blir den økonomiske effekten den same. Ein del vil meina at avstanden mellom Fusa og Strandvik er relativt lang. Desse vil gjerne hevda at det er lite attraktivt for ein familie å måtta reisa denne strekninga i motsett veg i høve til arbeidsveg til Os og Eikelandsosen for å levera til SFO.

Samling av småtrinnet ein stad og mellomtrinnet ein annan stad svarar seg ikkje. Det vert same deling og høgare transportkostnader. Mange vil her meina at det også er pedagogisk uheldig å skilja småtrinnet og mellomtrinnet.

alternativ 1, 2 og 3. Det vil også vera mindre høve til samlokalisering og bruk av fasilitetar i gangavstand til skulen.

Premissar:

Iverksetjing hausten 2013. Avtale med Strandvik grendehuslag om bygging av ny barnehage må seiast opp. Dette kan medføre erstatningskrav om dekking av den negative kontraktsinteresse (medgatte kostnader). På den andre sida sparar kommunen investeringskostnader knytt til samanføyning av ny barnehage og skule, samt omlegging av veg.

Barnehagar:

Strandvik flyttar inn i skulebygg. Jettegryto kan flyttast til Holdhus då avstanden til Eikelandsosen er kort. Trollskoggen, Strandvik og Holdhus kan få felles einingsleiar, jfr alternativ 1. Elles ingen endringar i barnehagestrukturen. Etterbruken av Jettegryto kan sjåast i samanheng med behovet for base for multifunksjonshemma på ungdomsskulen.

a) Konsekvensar for brukarar E.osen/Holdhus

Positive/Fordelar:

- Elevane får større sosiale val, fleire elevar å spela på, fleire å vera vener med.
- Delvis fulldelte klassar.

Negative/Utfordringar:

- Fleire elevar må ta buss til skulen – det kan få konsekvensar i eit folkehelse-perspektiv.
- Mange elevar kjem med buss i dag, dei får ca 10 min lenger veg med buss.
- Ekstra belastning for bilsjuke elevar.
- Litt lenger køyring for enkelte foreldre for levering/henting i barnehage.

b) Konsekvensar for tilsette E.osen/Holdhus

Positive/Fordelar:

- Nokre tilsette får ny arbeidsstad og nye kollegaer.
- Større fagmiljø skule.

Negative/Utfordringar:

- Nokre tilsette får ny arbeidsstad og nokon får lenger reiseveg.
- Nokre av dei fast tilsette kan missa jobben.

- Det vert få tilsette i barnehagen, lite fagmiljø, sårbart dersom ikkje Holdhus

vert ein stor sjølvstendig barnehage.

c) Konsekvensar for system/organisering

- Krev gode system for overgang barnehage/skule.
- Krev investeringar for evt. å gjera skulane om til barnehage.
- Det kan bli trongt ved E.osen skule dersom ein ikkje tenkjer utbygging/rehabilitering.

Alternativ 5 – 4 oppvekstsenter, 1 barneskule og 1 ungdomsskule i Fusa kommune.

Noverande Eikelandssosen krins og Holdhus krins vert slått saman til 1 krins med skulestad Eikelandssosen.

Skulestad ny barneskule: Eikelandssosen

Investeringskostnad: 1 000 000

Netto innsparing pr år (alle tal i heile 1000 kroner):

	Innsparing klassetal	Innsparing adm. ressurs	Innsparing funksj. tillegg m.m.	Innsparing andre drifts-utg.	Innsparing kontor-ressurs	Kapital-kostn.	Skyss-kostnad	Sum netto innsparing årsverkn.	Netto innsp. aktuelt år **
2013	845	350	150	50	50	40	359	1 046	436
2014	845	350	150	50	50	40	359	1 046	1 046
2015	845	350	150	50	50	40	359	1 046	1 046
2016	1 690	350	150	50	50	40	359	1 891	1 891

** Verknaden for 2013 vert 5/12 av årsverknaden.

Dette alternativet gir minst økonomisk effekt. Det er vanskelegare å få til eit merkantilt miljø som er sterkt nok til å ta seg av alle skulane i Fusa kommune.

noko som står i motstrid til måla i kommuneplanen om eit sterkt sentrum.

Premissar:

Iverksetjing haust 2013.

Alternative endringar:

Ved å velja Holdhus som skulestad blir den økonomiske effekten den same. Ein misser likevel ein del viktige fasilitetar knytta til lokalisering i Eikelandssosen, jfr alt. 1. I tillegg byggjer ein då ned tenestenivået i sentrum,

Barnehagar:

Jettegryto kan flyttast til Holdhus. Elles ingen endringar i barnehagestrukturen. Etterbruken av Jettegryto kan sjåast i samanheng med behovet for base for multifunksjonshemma på ungdomsskulen.

a) Konsekvensar for brukarar E.osen/Holdhus

Positive/Fordelar:

- Elevane får større sosiale val, fleire elevar å spela på, fleire å vera vener med.
- Delvis fulldelte klassar.

- Fleire elevar må ta buss til skulen – det kan få konsekvensar i eit folkehelse-perspektiv.
- Mange elevar kjem med buss i dag, dei får ca 10 min lenger veg med buss.
- Ekstra belastning for bilsjuka elevar.
- Litt lenger køyring for enkelte foreldre for levering/henting i barnehage.

Negative/Utfordringar:

b) Konsekvensar for tilsette E.osen/Holdhus

Positive/Fordelar:

- Nokre tilsette får ny arbeidsstad og nye kollegaer.
- Større fagmiljø skule.

- Nokre tilsette får ny arbeidsstad og nokon får lenger reiseveg.
- Nokre av dei fast tilsette kan missa jobben.

Negative/Utfordringar:

- Det vert få tilsette i barnehagen, lite fagmiljø, sårbart dersom ikkje Holdhus

vert ein stor sjølvstendig barnehage.

c) Konsekvensar for system/organisering

- Krev gode system for overgang barnehage/skule.
- Krev investeringar for evt. å gjera skulen om til barnehage.

Det kan bli trongt ved E.osen skule dersom ein ikkje tenkjer utbygging/ rehabilitering. Til rette for felles administrasjon.

OPPSUMMERING

Fusa kommunestyre har vedteke eit driftsbudsjett for 2013 i balanse. Dette medfører krevjande kutt i driftsrammene til alle sektorane, også for skular og barnehagar. Kutta er av ein slik storleik at det må nedbemannast. Det ser ut til at vi står overfor eit val mellom å driva fådelte skular nærmast utan delingstimar, eller å slå saman skular for å skapa nødvendig innsparing og handlingsrom. Det å undervisa mange elevar i aldersdelte klassar utan delingstimar vil lett kunna påverka kvaliteten på undervisningstilbodet. Det er også fare for at talet på vedtak om spesialundervisning vil auka. Det viser seg at styrking av den ordinære undervisninga med delingstimar, eller auke av lærartettleiken, heng saman med utviklinga i talet på timar til spesialundervisning. Denne utfordringa fell saman med at midlar som tidlegare har vore sett av til nye behov for spesialundervisning og undervisning i framandspråk er tekne bort. Dette er behov som vi har erfaring for alltid dukkar opp i løpet av skuleåret.

Samstundes ser vi at barne- og elevtalet vil gå ned i åra framover. Dette vil etter kvart føra til redusert rammeoverføring.

Det hastar difor med å velja kloke grep som kan gje eit berekraftig økonomisk fundament til å kunna driva undervisning av god kvalitet over tid. Det økonomiske perspektivet må difor få stor vekt ved val av skulestruktur framover. Slik rådmannen ser det, er det også viktig å velja grep som er omfattande nok til at tiltaket kan få varig verknad. Det er utmattande for brukarar og tilsette å oppleve stadige skulestrukturdebattar.

Ut frå ei samla vurdering meiner rådmannen at det vi har nemnt som alternativ 1 er det beste alternativet for å oppnå det vi ønskjer. Dette er det alternativet som i eit økonomisk perspektiv gir den beste løysinga. Plasseringa er også optimal i høve til å tenka sambruk av fasilitetar knytta til skulane på staden. Den nye samla skulen er robust nok til at det ligg tilrette for effektiviserande tiltak. Ein kan sjå for seg felles merkantile tenester og til dels felles administrasjon, slik at ein kan oppnå målsetninga om innsparing ved endring av einingsleiar-/ leiarstruktur. Dette gjeld både barnehagar og skular.

Vi har vurdert både positive og negative sider ved alternativ 1. Det er rådmannen sin oppfatning at fordelane ved dette alternativet klart overstig ulempene.

Rådmannen meiner også at dette alternativet samsvarar best med målsetningane i samfunnsdelen til kommuneplanen om *"både eit sterkt sentrum og levande bygder"* og at vi skal ha *"eit moderne kommunesentrum med gode og allsidige offentlige og private tenester."*

Strukturendringa som alternativ 1 inneber er nødvendig for å oppnå målsetninga om høg fagleg kompetanse slik opplæringsplanen legg opp til. Vidare underbyggjer alternativ 1 dei økonomiske føresetnadane for å kunna driva "tilpassa opplæring slik at den enkelte opplærar meistring og utvikling", som det heiter i oppvekstplanen.

Opplæringsplanen er tydeleg på at " det må veljast og finansierast ein framtidig skulestruktur som gir tilstrekkeleg mengd lærartettleik til å kunna arbeida med tidleg innsats og tilpassa opplæring."

Saka har vore drøfta med einingsleiarane i dei aktuelle skulane. I tillegg har saka vore lagt fram for leiarmøtet der alle einings- leiarane/ leiarane for ansvarsområda i Fusa er samla. Desse har delteke aktivt i budsjettprosessen. Det er eit samstemt råd til politikarane om å velja alternativ 1.

Endringar i skulestrukturen inneber endringar i kringsgrenser og skulestad. Dette må handsamast som forskrift etter reglane i forvaltningslova § 37. Saka skal då utredast, konsekvensvurderast og høyrast. Slik utredning og konsekvensvurdering ligg føre i vedteken oppvekstplan og denne saksutgreiinga. Oppvekst planen har hatt omfattande høyringar. Det same har samfunnsdelen i kommuneplanen som vi også brukar her. Saksutgreiinga byggjer på planverket - oppdatert med ferske tal,, slik at den høyringa som no må gjennomførast er sjølv forskrifta om endringar i skulestrukturen. Ut frå det som er konkludert med ovanfor, foreslår rådmannen følgjande ordlyd i forskrifta:

Med heimel i opplæringslova § 8-1 utferdar Fusa kommune slik forskrift:

Forskrift om skulekrinsar i Fusa kommune.

§1. Noverande Eikelandsosen skulekrins, Fusa skulekrins og Holdhus skulekrins vert slått saman til éin krins med éin barneskule i den nye krinsen lokalisert til Eikelandsosen. Den nye krinsen får namnet Eikelandsosen, Fusa og Holdhus skulekrins. Elevane i den nye Eikelandsosen, Fusa og Holdhus skulekrins får skulestad Eikelandsosen.

§2. Skulekrinsane Nore Fusa, Strandvik og Søre Fusa og får ingen endringar utover at nye barnehagar i Strandvik og Nore Fusa vert samlokalisert med skulane.

Høyringsfrist: 21.02.13

Foreldreråd og samarbeidsutval, organisasjonar i nærmiljøet til aktuelle krinsar, t.d bygdautval, er naturlege høyringsinstansar.

Høyringsfristen bør setjast til 21.02.13

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
003/13	Formannskapet	24.01.2013	HSV

Sakshandsamer: Hans S. Vindenes

Arkivsaknr 13/56

GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE - VAL AV POLITISK ARBEIDSGRUPPE

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Gruppeleiarane og ordførar vert oppnemnt som politisk arbeidsgruppe slik det framgår av saksframstillinga.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Formannskapet

Saksdokument:
Vedlegg:

Ikkje vedlegg:
Kommunestyret sitt [budsjettvedtak](#) med vedlegg.
[Reglement for godtgjersle til folkevalde gjeldande frå 1.1.2012](#)

Faktiske opplysninger:/Vurdering:

Det må veljast ei politisk arbeidsgruppe som skal sjå på godtgjersla for politisk arbeid. I budsjettvedtaket for 2013 er ansvarsområde 10 Folkevalde organ og revisjon redusert med kr 455.000 i høve til budsjett 2012, og ein del av dette må takast frå godtgjersla.

Møtegodtgjersla tek utgangspunkt i årleg godtgjersla til ordføraren, som er 90% av stortingsrepresentantane si løn. Frå 1.mai 2012 er fast godtgjersla for stortingsrepresentantane kr 811.505 pr. år.

Ordføraren vil foreslå at gruppeleiarane og ordførar vert arbeidsgruppe for dette arbeidet. Arbeidsgruppa legg fram si innstilling til kommunestyret i mars. Rådmannen oppnemner sekretær for arbeidsgruppa. Ordføraren kallar inn til det første møtet.